

STREIF AKTIVITET

FRÅ DJUVE TIL BJELLANDSNES

PÅ NORDSIDA AV ÅKRAFJORDEN

Søndag 2. juli 2006

Aktiviteten blir gjennomført i eit samarbeid mellom Åkrafjorden grendeutval, Fjordkafeen v/Gisle Sellevold, Etne kommune v/Annbjørg Bue, og FMLA i Hordaland v/Einar Sørli.

Likeeins er Ferjelaget "Skånevik" med på å gjere turen på fjorden muleg !

Den "verna" motorferga M/F Skånevik vil gå turar til og frå Skånevik og inn til Djuve/Bjellandsnes, samt over Åkrafjorden, og er i seg sjølv eit "mini-cruise" på fjorden. Vi tek og ein tur innom Langfoss og Fjæra, for ei ekstra oppleving for dei interesserte. På ferga er det og servering av enkle varer. Eigen rutetabell med prisar ligg ved—støtt opp om stiftinga som driv ferga ved å nytte denne turen !!

Likeeins er Skånevik fjordhotell med, da vi der har samarbeid om week-end tilbud for tilreisande. (sjå eige tilbud som ligg ved)

Turen går gjennom gardstuna til dei fråflytta gardane på nordsida av Åkrafjorden. Dei er likvel haldne i god stand, og blir nå nytta som fritidsbustader. Mange historiar frå den tida busetnaden var stor, får vi av lokalkjende personar som blir med oss på turen.

Ei gamal krambu som er slik ho opphaveleg var vil vi og besøkje. Denne blir nå dreven som "Fjordkafe" om sommaren, der du kan kjøpe både mat og drikke.....og mykje anna.

Bedehuset frå 1936 er og i god stand, og truleg vil viseskvelden bli halden der---eller i friluft ved fint ver ??

OG...du får sjå og prøve den brua Skånevik kommune bygde, med tanke på veg langs nordsida av fjorden...MEN, det blei med brua !!

Program for dagen på nordsida:

Ferge frå Skånevik T/R (sjå eigen rutetabell)

- Kl 1055 Vi går i land på Djuve, lokalkjende personar blir med og fortel lokalhistorie
- Kl 1400 om lag på denne tida kjem vi til Eintveit
- Kl 1500 Friluftsgudsteneste på Bjelland i samarbeid mellom sokneråda i Kvinnherad og Etne
- Kl 1500 Alternativt tur langs Åkrafjorden med ferga frå Bjellandsnes til Langfoss – Fjæra

Tid for å ta seg ned til Bjellandsnes----krambua----kjøp av mat, drikke m m

- Kl 1800 Visekveld med Stanley Jacobsen på Bjellandsnes (dette må du og få med deg !!) Billett berre kr 70,- !
- Kl 2000 Retur med ferga

I tråd med rutetabellen for ferga vil ein kunne gå på og av fleire stader i fjorden både morgon og kveld. Er det stor interesse for det kan vi og vurdere busstransport som returnmulegheit til Skånevik.

Tur over fjellet frå sauakvio i Brannvikjo(Blådalen i Kvinnherad) til Bjellandsnes

Start kl 0900 frå Brannvikjo – ca 5 t tur. Du må vera litt fjellvand. Påmelding : Turleiar Kjell Eikemo mob: 9111 5596 eller Per Rullestad tlf 53754120.

Det blir lokal mat frå Åkrafjorden å få kjøpt denne dagen: Tilbodet er både åkerring m/potetstappe-lefser-ljomegraut m/spekemat og lokal grillpølse, samt is brus,kaffi og vafler -godt for ganen !!

For påmelding og spørsmål om hotellopphald: Inger Karin 91703536/hotellet 53770700

Informasjon og påmelding til opplegget elles: Gisle Sellevold mob 47339600, Annbjørg Bue mob 41623027 eller Lars Øyre mob 90825865,

Det er ikkje ”pliktig” påmelding, men for fergekapasiteten er det dei som melder seg på som har første retten. OBS: Sokneråda i Kvinnherad har eige opplegg for reisa ”på land”, og dei kan kontaktast om det.



Ferjelaget ” Skånevik”

Turar til Åkraffjorden 2 juli 2006.

Tur 1:

<i>Avgang Skånevik</i>	<i>Kl 0900</i>
<i>Ankomst Visjer</i>	<i>Kl 1030</i>
<i>Avg Visjer</i>	<i>Kl 1040</i>
<i>Ankomst Djuve</i>	<i>Kl 1055</i>
<i>Avgang Djuve</i>	<i>Kl 1105</i>
<i>Avgang Matre</i>	<i>Kl 1235</i>
<i>Avgang Utåker</i>	<i>Kl 1300</i>
<i>Avgang Skånevik</i>	<i>Kl 1325</i>
<i>Ankomst Bjellandsnes</i>	<i>Kl 1445</i>

Tur 2 Tur til Fjæra (viss nok påmelding går denne turen)

Kl 1500 avg Bjellandsnes, 1520 avg Visjer, til Fjæra, retur til Visjer og til Bjellandsnes KL 1745

<i>Avgang Bjellandsnes</i>	<i>Kl 2000</i>
<i>Anløp Visjer</i>	<i>Kl 2020</i>
<i>Anløp Matre</i>	<i>Kl 2150</i>
<i>Anløp Utåker</i>	<i>Kl 2210</i>
<i>Til Skånevik</i>	<i>Kl 2230</i>

Prisar

<i>Skånevik-Teigland/Visjer-Djuve-Matre-Utåker-Skånevik</i>	<i>Kr 200,-</i>
<i>Matre,Utåker,Skånevik til Bjellandsnes med retur</i>	<i>Kr 200,-</i>
<i>Tur Bjellandsnes-Visjer til Fjæra med retur</i>	<i>Kr 100,-</i>
<i>Visjer til Djuve/Bjellandsnes med retur</i>	<i>Kr 50,-</i>

Prisar – tilbud på week-end **Skånevik fjordhotell**



Tilbud helga 30.juni – 3. juli:

Overnatting:

Fredag – søndag kr 1200/1400 tillegg for enkeltrom kr 100,-

Inkluderar mat:

Fredag

Kl 1900 --- tre rettars middag

Laurdag

Kl 0800- 1100 frukostbufe

Kl 1300-1500 lunsj – to rettar

Kl 1900-2100 tre rettars middag

Søndag:

Kl 0800---- frukostbufe

Avreise med M/F Skånevik

Alt.

Laurdag – mandag kr 1050/1250,- tillegg for enkeltrom kr 100,-

Inkluderar mat:

Laurdag

Kl 1300 -1500 lunsj-to rettar

Kl 1900-2100 tre rettars middag

Søndag

0800-- frukostbufe

Avreise med M/F Skånevik

Mandag

Kl 0800-- frukostbufe

Prisane er med/utan fergebilett.

Opplysningar elles om hotellet: <http://www.fjordhotellet.no> Telefon er: 53 77 07 00